

50. ÅRGANG
1/2022

6 Intervju med Anette
Trettebergstuen

10 Språkleg
kjønn

17 Samiske
ord i norsk

Språknytt

Samisk i medvind og motvind

side 18



Språkrådet


INNHALD

1/2022

Språkbanken vokser	3
Frå engelsk til bokmål – og nynorsk?	4
Språkbrukaren	5
Intervjuet	6



Kva styrer språkleg kjønn	10
Språkdagen 2021 i opptak	14
språklov.no og Nav-podden	16
Med andre ord	17
Tar språket tilbake	19



Samisk i hardt vær	28
Nyord	35
Klipp	36
Svar på språkspørsmål	37
Historia bak	40

LEIAR

Samfunnets støtter

I 2021 ble det gjort bystyrevedtak om at Bodø skulle bli en samisk språkkommune, som den første bykommunen i Norge. – Jeg tror det kommer til å gjøre Bodø til en enda bedre kommune for hele befolkningen, sa Bodø-ordfører Ida Pinnerød til NRK.

Noen språk blir gjerne oppfatta som viktigere enn andre, og i praksis er det majoritetsspråket i et område som blir verdsatt høyest. Vi vet at en aktiv språkpolitikk som også sørger for at minoritetsspråkene får en synlig plass i offentligheten, gjør det lettere å spre kunnskap og motvirke uheldige holdninger. Det er en verdi for alle språkbrukere.

I forvaltningsområdet for samiske språk er det kommunene som har ansvaret for at barnehagetilbudet til samiske barn bygger på samisk språk og kultur, og den samiske læreplanen skal brukes i skolen. Jeg er opptatt av at alle barn skal få god opplæring i sitt språk. Barnehagene og skolene er ekstra viktige for dem som skal ta tilbake et tapt språk.


I dette nummeret av Språknytt kan du lese om Solveig Ballo. Hun lærte ikke samisk hjemme, men ønsket at hennes tre barn skulle vokse opp med språket. Uten barnehagen ville ikke foreldrene ha greid å gi barna nordsamisk som første-språk. Språk er ikke bare et individuelt valg; samfunnet og institusjonene våre må gi støtte til de valgene hver enkelt språkbruker gjør.

Språkloven slår fast at samiske språk og norsk er likeverdige språk. Det er Sametinget som har ansvar for å forvalte de samiske språkene i Norge. Språkrådet og Sametinget har felles språkpolitiske mål. Jeg ser fram til å samarbeide med Sametingets administrasjon om å styrke det språklige mangfoldet i Norge.



→ ÅSE WETÅS
direktør i Språkrådet

Praterobotene, talegjenkjennerne og verktøyene for automatisk oversettelse blir stadig bedre, i takt med at språkbanken fylles med data. Det lover godt for oppfølgingen av den nye språkloven.



Språkbanken vokser

Språkloven trådte i kraft 1. januar i år. I lovproposisjonen blir det presisert at automatiserte språkløsninger skal utvikles parallelt på både nynorsk og bokmål, og at talegjenkjennerne skal kunne forstå dialekt.

Mer presis talegjenkjenning

En forutsetning for å få til dette er at språkbanken utvikler og utvider ressursene. Utvikling av for eksempel en talegjenkjenner – et data-program som gjør at man kan snakke til en datamaskin, som så skriver det man sier – krever

enorme mengder forhåndsanalyserte data som kan «lære» datamaskinen de mange måtene mennesker snakker på.

Bare de siste to årene har store mengder taledata blitt lagt inn i banken, blant annet transkribert tale fra Stortingets sesjoner og nye uttaleleksikon. Banken har også gjort tilgjengelig nynorsktekster fra kommunale og statlige nettsider og oversettelser fra Nynorsk Pressekontor. Dataene kan brukes til talegjenkjenning, maskinoversettelser, tekstanalyse m.m.

Språkteknologi i språkloven

Språkloven gir offentlige organer et tydelig ansvar for å velge løsninger som fungerer både på nynorsk og bokmål, når de kjøper inn digitale verktøy. Det legger føringer for dem som selger digitale verktøy til offentlig sektor. Det understreker også at språkbanken har en viktig rolle i utviklingen av ressurser til automatiske språktjenester.

Disse temaene blir behandlet på seminaret «Lovlig teknisk», som Nasjonalbiblioteket og Språkrådet etter planen skal arrangere i mars.

Språkbanken


I Nasjonalbibliotekets språkbank ligger det en omfattende samling normerte ord med bøyingsformer på nynorsk og bokmål. Samlingen eies og forvaltes av Språkrådet og Universitetet i Bergen og danner grunnlaget for de populære nettordbøkene *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*.

Språkbanken er med på å utvikle norsk språkteknologi. Ressursene i språkbanken er fritt tilgjengelige for alle, også kommersielle aktører. Dataene bidrar til bedre stavekontroller, skrive støtteprogrammer og undervisningstjenester.

Verktøy for automatisk omsetjing frå engelsk til norsk har hittil berre funnest for bokmål. Nå står nynorsk for tur.

Frå engelsk til bokmål – og nynorsk?

Når ein i dag legg inn ein engelsk tekst i Google translate og ber om omsetjing til norsk, skjer omsetjinga automatisk til bokmål. Ein kan ikkje velje nynorsk:



Frå engelsk til norsk



Automatisk omsetjing frå engelsk til nynorsk har til nå berre vore mogleg å få til gjennom bokmål. Det gjer kvaliteten dårlegare.

Det første verktøyet for direkteomsetjing frå engelsk til nynorsk er nå under utvikling. Selskapet Iconic står bak produksjonen, i samband med EU-prosjektet PRINCIPLE (Providing Resources in Irish, Norwegian, Croatian and Icelandic for the Purposes of Language Engineering). Målet med prosjektet har vore å samle inn språkressursar frå fire mindre språk.

Språkbanken ved Nasjonalbiblioteket, som Språkrådet samarbeider tett med, har stått for det norske bidraget til prosjektet.

Frå norsk til engelsk

Google translate skil ikkje mellom bokmål og nynorsk. Sidan bokmål er meir brukt enn nynorsk på internett, verkar algoritmane betre på bokmål. Til dømes blir nynorsk «omsetjing» til «sales», medan bokmål «oversettelse» blir «translation»:





Språkbrukaren

URD VINDENES
førsteamanuensis i norsk ved
Universitetet i Sørøst-Norge

En rettvis rettefunksjon?

Når jeg skriver bokmål, bruker jeg mange radikale ordformer. Det vil si ordformer som er mye brukt i muntlig norsk, men som er mindre brukt i skrift, for eksempel *sjøl*, *veit* og *vedtaka*. Disse formene er helt i tråd med den offisielle rettskrivinga, men om jeg skriver dem i Google-dokumenter eller på iPhone, får jeg beskjed om at de er feilstava. Det er som å bli korrekturlest av noen med elendige kunnskaper i rettskriving.

Om man ikke har blitt eksponert for radikalt bokmål i særlig grad, kan man kanskje lure på om ord som *mjuk*, *sein* og *tru* representerer en form for dialektskrift. Den mistanken blir neppe mindre om et retteprogram markerer slike ord med rød strek. Men disse orda er fullt sidestilt med *myk*, *sen* og *tro* i bokmålsnormen. Dermed er de på papiret akkurat like godt egna for formell språkbruk som de moderate formene, for eksempel i en forskningsartikkel eller i et brev til kongen. Hvorfor noen selskaper har laga et retteprogram som bare bygger på et utvalg av normen, og *assen* utvalget er gjort, *veit* ikke jeg.

På grunn av de valgfrie formene i bokmålet kan vi tilpasse skriftspråket vårt i radikal eller konservativ retning: *boka* eller *boken*, *brøyt* eller *brøt*, *sjøl* eller *selv*. Men hvor reell er denne valgfriheten? Flere av studentene mine synes det er forfriskende å se at det går an å skrive talemålsnært bokmål, for de har ikke visst hvor *stor* denne valgfriheten er. Retteprogram som sensurerer deler av bokmålet, hjelper ikke til i opplysningsarbeidet overfor studentene.

Hadde valgfriheten i bokmålet vært bedre kjent, kunne flere ha avgjort *sjøl* hvor radikalt eller konservativt de vil skrive. Da hadde kanskje

mangfoldet i normen blitt mer synlig. Likevel *veit* jeg om flere som kjenner til valgmulighetene og kunne tenke seg å bruke radikalt bokmål, men som kvier seg for det fordi det stikker seg litt ut. Negative holdninger til radikalt bokmål kommer blant annet til syne i kommentarfelt under nyhetssaker, for eksempel at språket «virker demonstrativt», at det er «grimt» eller «fremstår useriøst» (kommentarer til bruken av henholdsvis *veit* og *assen* under NRK-saker på Instagram). Det er kanskje ikke så lett å velge radikale former om man ikke kan slå i bordet med en master- eller doktorgrad i norsk, eller om man ikke heter Ingvild Rishøi eller Per Pettersen og er etablert forfatter med et forlag i ryggen.

Veien til reell valgfrihet for bokmålsbrukere må gå gjennom samtaler om holdninger til språkvariasjon. Dessuten må valgfriheten i bokmålet gjøres bedre kjent. Skal større deler av bokmålet bli synlig, kan vi ikke la private selskaper få lov til å tre en språklig tvingstrøye ned over oss.



– Eg elsker språkpolitikk!

Kultur- og likestillingsminister Anette Trettebergstuen (Ap) proklamerte kjærleiken sin til både språk, språkpolitikk og Språkrådet i talen ho heldt på Språkdagen den 9. november. Kva er eigentleg grunnen til dette engasjementet?

AV SIGRID SØRUMGÅRD BOTHEIM

– Ja, kva er grunnen til det eigentleg? spør kulturministeren seg sjølv. Ho treng ikkje å tenkje seg lenge om før ho svarar.

– Eg synest det er eit svært viktig politikkområde. Eg er oppteken av utviklinga og vernet av det norske språket. Både bokmål, nynorsk, minoritetsspråka og norsk teiknspråk. I likskap med andre språk merkar vi presset frå engelsk på stadig nye område av samfunnet, og vi må jobbe for å stå imot denne stadig sterkere påverknaden frå engelsk i til dømes akademia og næringsliv.

Trettebergstuen nemner fleire område ho

brenn spesielt for: at barn og unge skal lesa meir, at vi skal ha god språkundervisning i skulen, at vi skal bruke norsk meir i akademia, og at det offentlege i større grad skal respektere Språkrådets meiningar i namneval.

Blir matt

Dessverre er det nokså vanleg at Språkrådet ikkje blir lytta til i namnespørsmål. Seinast i desember 2021 raste debatten om det nye innovasjonsområdet som Universitetet i Oslo kallar Oslo Science City. I planane for dette området er det også foreslått at T-banestasjonen Forskningsparken skal byte namn til Oslo Science City stasjon. Slike forslag fell ikkje i god jord hjå kulturministeren.

– Eg blir heilt matt. Det må da vel kunne finnast noko på norsk?

Språkministeren, som ho også kallar seg, er tydeleg engasjert. Men det er ikkje berre gjennom arbeidet at ho bryr seg om språket. I fritida fordjupar ho seg gjerne i språklege fines-



sar saman med venn og huslingvist i Morgenbladet, Paal Uvaag.

– Nokre av dei morosamaste stundene eg har hatt, har vore når Paal og eg har lasta ned Språkrådet sine møtereferat og gått gjennom normeringsdebattar.

Det er litt nerdete?

– Ja. Men det er ganske interessant å følgje med på korleis det norske språket blir forvalta og endra.

Vil vurdere språklova

Kulturministeren har akkurat fått eit heilt nytt verktøy i forvaltninga av språket. Den 1. januar 2022 tok nemleg den nye språklova til å gjelde. Men Trettebergstuen har ikkje sett sitt eige stempel på språklova ennå. Da lova vart lagd fram for Stortinget, var det Abid Raja som sat i kulturministerstolen. Arbeidarpartiet hadde ei rekkje forslag til endringar i lova, og Trettebergstuen var ei av dei som kjempa for at lova skulle gå lenger på fleire område.

– Det er ingen løyndom at Ap i opposisjon hadde ei rekkje forslag til styrkingar av språklova, for eksempel når det gjeld stillinga til nynorsken. Vi har ikkje gløymt desse forslaga, men vi skal følgje med og ha dialog med språkorganisasjonane om kva for endringar som kan trengast. Uansett er det Stortinget som vedtek eventuelle endringar.

Når vil de vurdere å endre lova?

– Det har vi ikkje sett nokon dato for.

Korleis kan ein få språkpolitikken til å verke?

– Ein må begynne med å ha ei regjering som er levande oppteken av språkpolitikk – det har vi nå. I Hurdalsplattforma slår regjeringspartia fast at språkpolitikk er viktig. Allereie nå, etter nokre veker som kulturminister, kan eg seia at dette er noko som regjeringskollegiet er samstemde i.

– For eksempel har statsrådkollega Ola Borten Moe allereie varsla at han vil ta opp kampen mot engelsken, som spreier seg i akademia, noko eg meiner er ekstremt viktig. Eg er →

→ trygg på at alle i denne regjeringa kjem til å opptre som gode språkministrar, sjølv om det er eg som har hovudansvaret. Når næringsministeren skal døype nye verksemder, eller kunnskapsministeren skal laga ein ny rammeplan, er dette viktig for oss alle.

Hoppar rett i arbeid med boklov

Frå ei lov til ei anna: Hausten 2021 varsla kulturministeren oppstart for arbeidet med ei boklov. Trettebergstuen seier at boklova kjem til å vera i tråd med språklova.

– Eit poeng med boklova er at vi skal ha eit mangfald av litteratur tilgjengeleg for folk, i biblioteka og boksjappene der folk bur. Det treng vi ei regulering for å få til. Dei smalare litteratursjangrane eller bøker på nynorsk vil ofte selja mindre enn krimbøker på bokmål. Men det skal løne seg å gje ut ulike type litteratur, og forfattarane skal få betalt uansett. Det er bra språkpolitikk med ei boklov, og lova understøttar formåla i språklova.

Vil det til dømes koma fleire kvenske bøker med ei boklov?

– Lova vil iallfall leggje til rette for at det er like vilkår anten ein vil gje ut ei bok på kvensk eller ei bok på bokmål.

Kryssing mellom kultur og kunnskap

Mykje av språkpolitikken blir utøvd gjennom barnehage, skule og utdanning. Det er her barna skal lære seg å bli trygge språkbrukarar, og barna har òg ei rekkje språklege rettar både gjennom språklova og opplæringslova. Sam-

stundes veit vi at det kjem ut svært lite litteratur for barn på nynorsk og minoritetsspråka.

Trettebergstuen seier det er viktig at særleg dei minste barna blir eksponerte for språkmangfaldet.

– Alle har rett til å få bruke språket sitt i barnehagen. Alle barn skal få god språkstimulering og høve til å delta i aktivitetar i barnehagen som fremjar språkutvikling og kommunikasjon. Dette er noko av grunnlaget i rammeplanen. Når det gjeld læring, er det inga omtale av nynorsk i rammeplanen. Det står berre at barn skal møte ulike språk, språkformer og dialektar gjennom rim, reglar, song, litteratur og tekstar frå samtid og fortid. Dei fleste barnehagar er nok flinke til å lesa nynorske bøker høgt for barna. Eg har inntrykk av at barnehagane arbeider godt med det.

«Vi må gjera meir for å få norsk på skjermen.»

Frå perm til skjerm

Eit prinsipp for språkpolitikken er at han skal gjelde alle sektorar. Det vil seia at kvart departement har eit sjølvstendig ansvar for å utvikle og styrkje norsk språk på sine eigne område. Eitt av områda kulturministeren forvaltar, er mediepolitikken. Vi veit at barn og unge brukar mykje tid på flater med engelskspråkleg innhald, som dataspel, YouTube og sosiale medium.

Kva kan du gjera for at barn og unge skal møte meir norsk der dei brukar tida si?

– Kulturrådet forvaltar kulturstøttepen-gane, og Norsk filminstitutt har støtteordningar og verkemiddel som er retta mot dataspelbran-sjen. Dei stimulerer til at det skal bli laga data-

«Det er interessant å følgje med på korleis det norske språket blir forvalta og endra.»

spel av høg kvalitet på bokmål, nynorsk og samisk. Det er eit mål dei har.

Trettebergstuen seier at den statlege kulturpolitikken skal leggje til rette for utvikling av medium og kulturtilbod som gjer at folk kan møte språket sitt, både på digitale flater og i røynda.

– Vi veit at bruken av kultur blant barn og unge har gått over frå perm til skjerm. Gjennom tidene har vi ført ein aktiv språkpolitikk ved hjelp av litteraturverkemiddel. Nå må vi sjå på korleis vi kan gjera meir for å få norsk på skjermen.

Den gjeldande kulturpolitikken har mange verkemiddel for dei tradisjonelle media som bøker og film, men greier han å fange opp nye medium godt nok?


– Dette er vi opptekne av, mellom anna i den nye barne- og ungdomskulturmeldinga. Kulturrådet arbeider godt med nye medium, sidan vi jo veit at kulturbruken til barn og unge har vorte digital. Det må vi berre innsjå. Vi må sjå på moglegheitene og ikkje avgrensingane.

Tek kampen mot gigantane

Nokre stader er teknologien ei avgrensing for språka i Noreg. For eksempel har verksemdar bytta språk frå nynorsk til bokmål for å bli synlege i søk på Google, og programvare som finst i skulen, er ikkje tilgjengeleg på båe skriftspråka.

Korleis kan vi få utanlandske selskap til å interessere seg for den norske språkpolitikken?

– Det er ein lang veg å gå for å nå fram her. Teknologigigantane er fyrst og fremst opptekne av å tene pengar, ikkje av å etterleve den norske språkpolitikken. Men eg har sagt at eg vil ta



kampen mot desse selskapa. For eksempel vil eg ha ein slutt på at plattformer som Facebook sensurerer norske, redaktørstyrte medium. Teknologiverksemdene bør ikkje kunne regulere og sensurere redaksjonelt innhald. Eg vil gjerne ha ein dialog med mediebransjen og skapa ein møteplass mellom mediebransjen og plattformene. Der vil språk vera ein naturleg ting å ta opp.

Trur du at teknologigigantane vil koma deg i møte?

– Vel, eg er kanskje ikkje superoptimistisk, men eg må jo prøve! ●

Kva styrer språkleg kjønn

– biologi, grammatikk eller begge delar?

Når me seier at *stol* er hankjønn, *bok* er hokjønn og *hus* er inkjekjønn, handlar det ikkje om fysiske eigenskapar ved orda. Verken desse orda eller dei livlause tinga dei viser til, har biologisk kjønn. Slik sett er dei kjønnslause.

AV ARNE TORP


Likevel veit me at det heiter *ein stol* og *ei bok* og *eit hus* på nynorsk, og me seier *han* om *stolen*, *ho* om *boka* og *det* om *huset*, endå tildelinga av kjønn verkar heilt tilfeldig når me tenkjer etter. Det kunne i og for seg like godt heite t.d. **stola*, **boket* og **husen*.

Alle norske substantiv høyrer til ein av tre klasser som me kallar hankjønns-, hokjønns- og inkjekjønnsord. I dei fleste tilfelle har klas-setilhøyrsla ikkje noko å gjere med biologisk kjønn, det som på latin heiter *sexus*. Det som gjer at det heiter *ein stol*, *ei bok* og *eit hus*, er *genus*, eller *grammatisk kjønn*. Genus er altså eit reint språkleg omgrep, mens *sexus* er biologisk (jf. engelsk *gender* og *sex*, som viser til den same distinksjonen).

Likevel er det ikkje tilfeldig at me bruker det norske ordet *kjønn* om denne inndelinga av substantiv i klasser. Det er ingen som undrar seg over at det heiter *ein* mann og *ei* kvinne eller *ein* stut og *ei* ku. Mange dyr og planter finst i han- og hokjønnsutgåver. På det biologiske området er det mykje samanfall mellom genus og *sexus*. Når vi snakkar om at ord for livlause ting har hankjønn og hokjønn, er det fordi desse har dei same grammatiske eigenskapane som ord for levande vesen av hankjønn og hokjønn.

Dei fleste levande skapningar har hankjønn eller hokjønn, men ikkje alle ord for levande skapningar har det. Sjølve ordet *menneke* er eit inkjekjønnsord, og det same er det standard-språklege allmennordet for avkom av menneke, nemleg *barn*. Det gjeld alle nordiske mål. Det kan verke både logisk og rettferdig sett i eit jamstillingsperspektiv.

Kan genus overstyre *sexus*, eller omvendt?
Genus overstyrer ofte *sexus*. Til dømes kan ordet *unge* brukast om avkom av alle slags dyr utan omsyn til biologisk kjønn, endå *unge* grammatisk er hankjønn – *ein unge* – *ungen*.



Mange meiner at ein i standardmålet bør bruke *barn* om menneske og *unge* berre om avkom av dyr.

Likevel ville det verke rart å spørje «Kva heiter det?» når ein ser eit lite barn; eit slikt spørsmål kan ein berre stille om *ting*. Når vi snakkar om personar, må me velje *han* eller *ho*. Og pronomenvæl ved personar vil alltid vere bestemt av det biologiske kjønnet – ingen vil finne på å seie *han* om *ein* jentunge. Her overstyrer *sexus* *genus*.

Grammatisk sett er både *jentunge* og *gutunge* hankjønnsord, trass i at det heiter *ei* jente og *ein* gut. I samansette ord er det sisteleddet som bestemmer dei grammatiske eigenskapane. Det heiter *ein* unge utan omsyn til biologi. Likevel er det ikkje vanleg å seie «Kva heiter *han*?» om ein veit at eit nyfødd barn er ei jente. Då spør ein heller «Kva heiter *ho*?». Når ein kjenner det biologiske kjønnet, overstyrer *sexus* *genus*.

Det at innhaldet vinn over grammatikken, heiter med ein latinsk fagterm *constructio ad sensum*, altså 'konstruksjon etter meininga'. Det same fenomenet finn vi i samband med tal: Om ein skal fortelje at *politiet* kjem, er det naturleg

å seie at *dei* kjem, og ikkje *det*, jamvel om *politiet* er inkjekjønnt eintal.

Genus i 3. person eintal, om personar

Når me skal omtale ein enkelt person på norsk, må me altså velje *han* eller *ho/hun*. Dersom me ikkje kjenner kjønnet, kan vi rett nok bruke *peikande* pronomen og spørje «Kva heiter *den* som står der borte?». Det kan vi òg gjere på dei andre moderne skandinaviske språka. Men på gammalnorsk og islandsk kan vi ikkje stille eit slikt kjønnsnøytralt spørsmål, for der heiter *den* (i kasus nominativ) *sá* i hankjønnt og *sú* i hokjønnt. I språk med mange bøyingsformer ligg det ofte «plagsamt» mykje meir grammatisk informasjon lagra i både substantiv og pronomen.

Det finst mange språk som ikkje har grammatisk *genus*. Nokre skil likevel mellom hankjønnt og hokjønnt i 3. person, som engelsk, med *he* og *she*. Eit språk som ikkje gjer det, er finsk. Det finske pronomenet *hän* er kjønnsnøytralt, og det er inspirasjonskjelda for dei som i dag brukar det nylaga pronomenet *hen* for «han/ho» og «han eller ho» på norsk. →

«Såkalla a-former har vore eit stridsemne på bokmålssida heilt sidan tidleg på 1900-talet, då spørsmålet om tilnærming mellom riksmål/bokmål og landsmål/nynorsk blei aktuelt.»

→ **Genusskilnader mellom skandinaviske standardspråk**

Ein kan stundom kome i tvil om både det grammatiske og det biologiske kjønn til ein plante eller eit dyr, og dessutan kan ein bli usikker på om genus eller sexus skal styre. Kan t.d. ei and av hankjønn (ein stegg) vere *ho*?

Ei heilt anna problemstilling er korleis ein på bokmål skal omtale anda i Henrik Ibsens drama *Vildanden*. I sjølve verket er anda av og til omtala som *hun* og andre gonger som *den*, alt etter kven som fører ordet (jf. Bjarne Berulfen: «Vildanden: Hun eller den?» i *Maal og Minne* (1963), s. 47–59).

Dette er ikkje eit spørsmål om grammatisk genus, for noko hokjønn fanst ikkje i Ibsens norsk-danske skriftspråk, det heitte berre *en and* – *anden*, akkurat som *en fugl* – *fuglen*. Der *hun* er brukt i *Vildanden*, er det ikkje ein referanse til noko hokjønnsord, men eit uttrykk for at anda blir sett på som ein person.

Hos Ibsen, som i dei moderne skandinaviske standardmåla dansk og svensk, er det nemleg berre to *grammatiske* genus – *inkjekjønn* og *felleskjønn*. I kategorien felleskjønn har hankjønn og hokjønn i eldre mål smelta saman til noko som er grammatisk identisk med hankjønn. I svensk grammatikk (og internasjonalt) blir felleskjønn gjerne kalla *utrum*, som betyr «anten det eine eller andre», dvs. *anten* han-


kjønn eller hokjønn, i motsetnad til *neutrum*, som *verken* er hankjønn eller hokjønn.

Kor mange kjønn har norsk bokmål i dag? Har det i grunnen grammatisk hokjønn? Det ein kallar hokjønn i bokmål, går først og fremst ut på at ein del ord skal eller kan få *-a*-ending i bestemt form eintal, for eksempel *kua* og *boka* eller *boken*, mens den ubestemte artikkelen er valfritt *en* eller *ei ku/bok*. Men den levande og den livlause tingen skil lag når vi skal vise til dei med pronomen. Når vi viser til *kua*, kan vi bruke *den* eller *hun* (jf. villanden), men det blir ikkje godtatt om vi skriv om *boka* at «*hun* ligger på bordet», her er *den* det einaste moglege alternativet. Like påfallande ville det vere å skrive *han* om pennen.

Det er nok derfor rettast å seie at norsk bokmål har to grammatiske genus, akkurat som dansk og svensk. Det bokmålet har som dansk og svensk manglar, er berre valfrie artiklar i ein del felleskjønnsord (føreset *en* eller *ei* og etterhengt *-en* eller *-a*). Hokjønn er ikkje obligatorisk i bokmål og utgjer ikkje noko system. Valet av *a*-ending har nesten ingen konsekvensar for bøyinga elles (bortsett frå eigedomsorda *min* – *mi*, *din* – *di*, *sin* – *si* og adjektivet *liten* – *lita*).

«A-former» som språkpolitisk stridsemne i norsk

Dei som kjenner norsk språkhistorie, veit at



såkalte *a*-former har vore eit stridsemne på bokmålsida heilt sidan tidleg på 1900-talet, då spørsmålet om tilnærming mellom riksmål/bokmål og landsmål/nynorsk blei aktuelt. Det gjeld både *a*-endinga i «hokjønn» og fortidsformer av verb, som *kasta* i staden for *kastet*.

Spørsmålet om *a*-ending i ord som *boka* har vore knytt til eit større spørsmål: Skal bokmålet ha tre grammatiske genus som nynorsk, dei fleste norske dialektane og dei øynordiske måla færøysk og islandsk, eller berre to som dei andre skandinaviske riksspråka dansk og svensk? Den historiske grunnen til at dansk og svensk berre har to grammatiske kjønn, er det at begge byggjer på talemålet i to storbyar, nemleg København og Stockholm. I storbysamfunn blir det ofte mykje dialektblanding på grunn av tilflytting, og dette fører gjerne også til forenkling av grammatikken. I København og Stockholm fall grammatisk hankjønn og hokjønn saman i talemålet alt på 1700-talet, og slik er det også i moderne dansk og svensk riksspråk.

I Noreg har me berre *ein* by med eit lokalt talemål som skil seg markant frå talemålet i omlandet, og det er den einaste *gamle* storbyen her i landet, altså Bergen. I bergensmålet blir pronomenet *han* brukt ikkje berre om personar, men også om alle ting som ikkje er inkjekjønn, som i desse døma: «*Han (stolen)* står på golvet» eller «*han (boken)* ligger på bordet». Her ser vi

tydeleg at hokjønn blir «slukt» av hankjønn.

I dansk og svensk rikstalemål er pronomenet *han* med tilvising til fellekjønnsord skifta ut. Som i bokmål er det det «kjønnsnøytrale» *den* som rår.

Ein framtidsvisjon: Hokjønnskategorien i norsk språk i 2050

I boka *Framtidnorsk – norsk språk i 2050* står det ein artikkel med tittelen «Outopia, eutopia, dystopia? Ei reise til Noreg i 2050». Forfattaren er Rolf Theil, pensjonert professor i allmenn og afrikansk lingvistik. På den tenkte reisa si opplever han mykje rart. Stort sett er den ihuga folkemålsvennen positivt overraska over den opne haldninga til språkleg variasjon i framtida, som han ser som frigjerings, ikkje forfall.

Men han gjer eit unntak for lagnaden til det grammatiske hokjønnet i norsk i 2050: «Det har kome så langt at Språkpolitiet har byrja å tillate *ein jente* og *jenta er liten* ikkje berre på dansk-norsk, men òg på norsk. Slik har det blitt over heile landet i 2050» (sjå s. 138–139).

Dette blir Rolf Theil berre trist av. Dei av oss som lever om 30 år, får sjå om han hadde grunn til å ta sorge på forskot. ●

→ ARNE TORP er pensjonert professor i nordisk språkvitenskap ved Universitetet i Oslo.



På YouTube kan du sjå Espen Aas leie debattar med politikarar, lærarar og akademikarar om rettane til nynorsk-elevane og stoda for norsk fagspråk.

Språkdagen 2021 i opptak

Du kan òg få ei rask innføring i språklova ved jurist Sofie Høgestøl, oppleve verdas første språkpolitiske kvarter, få rapport om rikets tilstand ved språkdirektøren og høyre oppmodinga til kultur- og likestillingsministeren.

Debattane

Den nye språklova, som tok til å gjelde ved årsskiftet, gir rettar til språkbrukarane i Noreg og plikter til det offentlege. Kunnskapssektoren har eit stort ansvar for det norske språket. Språkvala verksemdene i sektoren gjer, får ringverknader for heile samfunnet.

- Kva treng verksemdene i kunnskapssektoren for å kunne oppfylle krava som lova stiller?
- Kva treng skulen for å kunne gje nynorskelevar like god undervising og dei same digitale moglegheitene som bokmålslevar får?
- Kva rammer trengst for å sikre det norske fagspråket i academia når forskingsmiljøa er internasjonale?



Espen Aas frå Dagsnytt 18 stilte spørsmål og kravde svar frå politikaren, læraren, skuleigaren og skuleforskarer i debatten om nynorsk i skulen og frå professoren, Kunnskapsdepartementet, Forskningsrådet og Universitets- og høgskolerådet i debatten om norsk fagspråk.



TV-sendinga på YouTube

Arrangementet Språkdagen 2021 blei sendt direkte frå Det Norske Teatret i Oslo 9. november.

Sendinga kan du sjå på **YouTube** ved å søke på «**Språkdagen 2021**». Sendinga er teksta og tolka til teiknspråk. Innslaga er òg lagde ut kvar for seg.




Fra 1. januar 2022 gjelder Norges nye språklov.

Alle har rettigheter etter språkloven, og mange har plikter.

– Hva kan du, og hva må du?

Finn det ut på spraklov.no



Må du onboardes til Nav-støtte? Eller coaches til jobb?

I den åttende episoden av Navs podkast «På godt NAVsk» snakker språkdirektør Åse Wetås, Nav-direktør Hans Christian Holte og Navs IT-direktør Jonas Slørdahl Skjærpe om de sterke innslagene av engelsk i språket, både i fagformidlingen i akademia, i undervisningen, i statsforvaltningen og i næringslivet.

Podkasten handler om enkelt og forståelig språk i offentlige etater i Norge. Fra og med episode fem deltar Språkrådet med en fast spalte. Du finner podkasten på Spotify.



Åse Wetås
Foto: Moment Studio



Hans Christian Holte
Foto: Nav



Jonas Slørdahl Skjærpe
Foto: Nav

Samiske ord i norsk



Vi følger sporene som de samiske språkene har satt i norsk.

De mest kjente samiske ordene i Bokmålsordboka og Nynorskordboka er nok **joik**, **kommag** og **lavvo**. Verbet *joike* heter *juoigat* på nordsamisk. Fottøyet *kommag*, laget av reinskinn, heter *gáma* på nordsamisk (flertall: *gápmagat*) og betyr 'sko'. Og teltypen *lavvo*, som samene bruker når de flytter med reinen om sommeren, er en fornorsking av nordsamisk *lávvu*.

En skulle tro at ordet for trehustypen **gamme** hadde samisk opphav, men det stammer fra norrønt *gammi* (nordsamisk: *goahti*). Og ordet **raide** (nordsamisk: *ráidu*) – for en sammenbundet rekke av rein og pulker – har samisk lånt fra urnordisk *raidō* (jf. moderne norsk *rei* 'ridende følge', som i *Åsgårdsreia*). Men ordet **tundra**

(landskapstype) kommer fra ordet *tūndar* ('snaufjell') på kildinsamisk, et samisk språk som brukes på Kolahalvøya i Russland (nordsamisk: *duottar*).

Et annet mye brukt samisk ord i norsk er **pulk**, særlig i betydningen 'delvis lukket (plast)slede til å frakte småbarn eller bagasje i på skitur'. Ordet er lånt inn fra samisk via finsk (*pulkka*). Den opprinnelige betydningen er 'båtformet slede til kjøre rein'. Det vanlige nordsamiske ordet for pulk eller reinslede er *geres*, som vi har lånt inn i formen **kjerris**.

Her er flere samiske ord i det norske språket:

NORSK

noaide

pesk

seide

sida

stallo

NORDSAMISK

noaidi

beaska

sieidi

siida

stállu

BETYDNING

trollmann, sjaman

pelskofte

hellig stein, gudebilde

samelandsby med reindrift

ondsinnet vesen fra samisk folketro

Det nordsamiske ordet for håndverk og husflid eller gjenstander laget etter samisk tradisjon er *duodji*. Det brukes også på norsk. Les mer om **duodji** og andre samiske forhold i dette nummeret av Språknytt.



– Av og til må jeg klype meg i armen når jeg hører at ungene snakker samisk sammen, sier Solveig Ballo. Hun og familien har tatt tilbake språket de mistet.

TEKST OG FOTO: INGERID JORDAL

Tar språket tilbake

– Jeg sang masse da ungene var små, uten helt å vite hva ordene betydde, forteller Torstein Emanuelsen (44), opprinnelig østlending, nå bosatt ved Tanaelva i Øst-Finnmark. Til journalisten snakker han kav finnmarking, til ungene snakker han nordsamisk.

– Det er mye godt språk i barnesanger, og vi har hatt stort utbytte av sangbøkene på samisk, forteller Solveig Ballo (40).

Hun er gift med Torstein, og sammen har de barna Martha Elise på 12, Elen Kristine på 11 og Per Andreas på 6 år. Solveig er født og oppvokst her, ved Suolovárri – Holmfjell i Tana, og er av samisk slekt. Men som så mange andre samiske barn lærte ikke Solveig samisk språk hjemme. Hun hadde litt samiskundervisning på skolen og tok noen kurs, men mer ble det ikke – før hun sjøl ble mamma.

Tok et valg

Da eldstejenta Martha Elise var nyfødt, gjorde Solveig og Torstein et valg: De skulle snakke samisk med ungene sine. Torstein tok utfordringa på strak arm. For Solveig var det på noen måter vanskeligere. Etterdønningene av for-
norskinga merkes fremdeles.

– Martha Elise er oppkalt etter gudmora mi, som også var naboen vår. Hun og gudfar brukte samisk hjemme, og de motiverte meg til å ta tilbake språket, forteller Solveig.

Hun husker at hun og gudmora så på at de to eldste jentene lekte sammen, og at de snakka samisk med hverandre i leken. «Hører du at de snakker ditt språk?» sa jeg til Martha. Hun så på meg. «Det er også ditt språk», svarte hun. Det betydde mye for meg å høre det, forteller Solveig. →

Mor Solveig og far Torstein lærte seg samisk sammen med ungene. Nå har Martha Elise på 12, Elen Kristine på 11 og Per Andreas på 6 år alle samisk som førstespråk på skolen – og hjemme.

→ Vær raus!

Solveig og Torstein mener at vi må være raus med hverandre for å få flere til å snakke samisk igjen.

– Det har vi opplevd her i Tana, spesielt i barnehagen. Siden vi er minst én generasjon som ikke har lært samisk hjemme, er vi avhengige av at institusjonene er der for oss. Vi føler virkelig at vi står på noens skuldre, med all den støtten og hjelpen vi har fått. Men vi har også opplevd ubetenksomme og sårende kommentarer. For eksempel var det noen som mente at våre barn aldri ville lære «perfekt» samisk, og at de dermed ville ødelegge for de andre samisktalende barna i barnehagen. Andre igjen har ment at barna ville komme til å snakke gebrokkent norsk.

Fornorskinga var hard fram til langt ut på 80-tallet. Solveig tror det kan være vanskelig, spesielt for de eldre, å omstille seg.

– Først ble språket deres usynliggjort og sett ned på. Og nå skal de unge ta det tilbake og begynne å snakke det igjen. De opplever nok det som underlig.

Viktig med samisk barnehage

Foreldrene kan ikke få rost barnehagen Giella-vealgu mánáidgárdi nok. Alle ungene har gått i samme private barnehage, der nordsamisk er språket. Uten barnehagen ville ikke foreldrene

klart å gi ungene samisk som førstespråk. Nå har alle barna begynt på skolen, der de også har samisk som hovedspråk.

I området er det nå mange andre familier som trenger den hjelpen samisktalende barnehage og skoleverk gir.

– Vi føler nesten at vi er med på en stor trend, sier Torstein og ler.

Deanu gieldda – Tana kommune er en del av det samiske forvaltningsområdet i Norge. Området består av 13 kommuner som har sidestilt samisk og norsk som forvaltningsspråk. Dette betyr at man har krav på å få all offentlig informasjon på samisk og bli betjent på samisk når man henvender seg til det offentlige.

Frykter ikke norsken

Torstein og Solveig har jobbet beinhardt for å bruke samisk hjemme. Mer enn én gang sovna ei sliten småbarnsmor med grammatikkboka over nesa. Men de har også vært bevisste på ikke å bli fanatiske. Språket skal være lek, ikke tvang og plikt.

– Vi har lært å ikke være «redde» for norsken eller for at det ene språket skal fortrenge det andre. I dag vet vi at tospråklighet er positivt, sier Solveig.

En ting som Torstein har merka seg med samisk, er at det er enkelt å lære seg uttale.

– Ordene uttales slik de skrives, og vet du



hvordan bokstaven c og č uttales, er den lik i alle ord. Det gjør det enklere for meg når jeg skal lese høyt ord jeg aldri har hørt uttalt.

– Åh, det er så mange måter å skrive sj-lyden på, sier sønnen Per Andreas. Det er skj, sj, sk ... og så noen til!

Gutten har tydelig fulgt med i norskundervisninga.

Krangler på samisk

Med sanger, leker, bøker og spill prøver foreldrene å få samisk inn som en naturlig del av lek og familieliv. En kopp med samiske ord, samisk barne-tv, musikk, lydbøker og apper til telefon og nettbrett på samisk. Litt her og litt der. Alle monner drar.

Ungene småkjekler i stua.

– Det er nesten så jeg ikke vil bryte inn når de krangler på samisk, sier Solveig. Hun er stolt av barna sine. Av og til må jeg klype meg i armen. Tenk at vi har fått til dette.

Hva betyr det for dere at barna snakker samisk?

– Det betyr at hele samfunnet er åpent for dem. De får en rikdom og en gave som de kan bruke videre, og de kan lettere lære andre språk senere. For meg er det en sterk følelse av at vi prøver å gjenskape noe som er gått tapt.

Hun forteller at det betyr mye å få bruke språket i samfunnet.

– I Tana hører man samisk overalt. Det er et levende språk. Vi kan snakke samisk når vi kjøper nye joggesko i butikken, og det er mange tospråklige skilt. Det er viktig at språket ikke →



→ bare er noe vi har hjemme, men at det bekrefte ute i samfunnet.

Foreldrerollen

Torstein, som er sørfra, hadde kanskje ikke sett for seg at han skulle snakke samisk som voksen.

– Jeg synes ikke det er noe rart i det hele tatt. Jeg bor i Sápmi og har samiske barn. Det er det mest naturlige å gjøre når jeg bor her, sier han.

Men sjølhøytidelig kan man ikke være.

– Ungene retter på meg hele tida, sier han og ler.

Torstein sier at han som far må kunne snakke ordentlig med barna sine om alt i livet.

